# Større enn eit stort løp

Brasil har samba. Etiopiarane har Great Ethiopian Run. Gateløpet i Addis Abeba er både idrett i verdsklasse og ein gigantisk karneval-liknande gatefest. Det er noko mykje meir og mykje større enn eit stort løp.

Tekst og foto: Bjarte Vik

Få minutt før klokka 9 ein sundag morgon i november står 40 000 elleville deltakarar og trippar og dansar på Meskel Square midt i Addis Abeba. Mange har stått der i fleire timar. Alle er kledd i grøne og gule T-skjorter. På startstreken står ei lang linje robuste politifolk og prøver halda folkemassen på rett side av startstreken. Dei er handplukka mellom dei sterkaste og raskaste i politistyrken, for når startskotet smell, må dei beinfly framfor feltet for ikkje å bli sprunge ned av ivrige løparar.

Ingen, ikkje ei einaste sjel av dei 40 000, får ei offisiell tid når dei kjem i mål etter 10 km. Dette er «fun run». Målet er å skapa aktivitet. Eit sosialt engasjement ligg til grunn for dette løpet, eit ønskje om å skapa ei betre framtid for mange. Dagen før har fleire tusen ungar sprunge barneløp med T-skjorter påtrykt «I am a girl child. Do not make me a child mother».

## Rørsleglede

Ei gigantisk bølgje, proppfull av smilande fjes og løps- og danseglade kroppar, set seg i rørsle. Eit spektakulært syn. Eit minne for livet. Musikken dundrar frå høgtalarane.

Samstundes, eit par kilometer frå den store paradeplassen og under langt mindre festivitas, står eg saman med Alemayehu Sitotaw og Bjørn Arne Moe frå Knarvikmila.



Treningstur: Delegasjonen frå Knarvik passa på å få seg nokre fine treningsturar i området der mange av dei beste etiopiske løparane trenar.

Rundt oss står ein flokk etiopiske veteranløparar, godt over middagshøgda, som ser ut til å ta dette like seriøst som eliteløparane litt lenger framme i feltet.

– Ingen av dei mest profilerte løparane tek sjansen på å stilla her. Dei er redde for å gå på ein smell mot dei lokale som vil opp og fram. Dette er deira sjanse til å visa seg fram.

Det er Alemayehu Sitotaw som fortel. Ein kjent mann i langdistansemiljøet i Norge. For andre er han meir kjent som faren til Desta Marie, ho som fortel oss om vêret på TV2. Den siste veka har han losa delegasjonen frå Knarvikmila og Knarvik ungdomsskule trygt gjennom eit tettpakka program.

## Kontrastar

Me nordbuarar er blitt mottekne med ein makelaus varme og gjestfriheit, av alt frå arrangørar til mannen i gata. Det har vore mykje latter, men me har også kjent på klumpen i halsen når elendigheita kjem tett på, og på sinnet og maktesløysa over heilt hårreisande kontrastar. Det har vore godt å sjå at midlar frå Knarvikmila og ungdomsskulen utgjer ein forskjell. Dei siste seks åra har dei til saman overført halvanna million kroner til ulike prosjekt.

Men no er fokuset mitt på løpet. Eg har blinka meg ut ein ungdom frå Newcastle som hovudkonkurrent. Eg likar helst å slå unggutane. Likar tanken på å bli beste europear. Haile Gebrselassie sin faste massør har gjeve meg to torturbehandlingar den siste veka. Men eg føler meg ikkje trygg på denne hersens leggen som plagar meg. Forma er langt frå på topp. Målet er ei tid under 40 minutt. Høgda vil nok utgjera minst 3 minutt, seier dei som har vore med før. Addis Abeba ligg 2400 moh.

Så smell det. Den første kilometeren ligg eg langt før skjema. Eg er overraska over å vera såpass godt akklimatisert til høgda. Etter nokre minutt når eg att 800m-løparen frå Newcastle. Han pustar som ein kval. Kroppen får for lite oksygen. Han har gått på ein smell. Rett før 2 km-skiltet smell det på ny, men no i leggen min. Briten spring forbi og ifrå. Eg spring ikkje lenger. Eg jokkar meg framover. Det må ha sett merkeleg ut. Uelegant og stavrande som berre ein innbarka og ustanseleg veteranløpar kan. Dei mange politimennene langs løypa gliser godt. Eg smiler og vinkar tilbake. Tenkjer at eg berre skal nyta desse kilometrane, trass smerten.

## Ei fantastisk veke

Det har vore ei fantastisk veke, fullspekka med minnerike opplevingar. Eg har trena på den store grassletta Solulta der dei profesjonelle løparane samlar seg i store grupper. Sett alle fire Dibaba-systrene i fint driv





**Entusiasme:** Great Ethiopian Run er jubel, folkefest og løp for omtrent 40 000 deltakarar.

på det hardpakka graset. Leikt med tanken om å ta med ein gjeng norske løparar på høgdetrening til grassletter og skogsstiar i fjella. Eg har trykt handa og sett rakt inn i dei smilande augo til tidenes beste langdistanseløpar. Men eg har også møtt dei tomme blikka til gamle og utfattige utan håp, og til dei «mentally retarded», nokre av dei lenka fast med kjetting til hytteveggen. Eg har ete surdeigslefsa injerra, sett løver sova, opplevd den fantastiske naturen og blitt fascinert av korleis etiopiske fotgjengarar med millimeterpresisjon snor seg gjennom morgontrafikken. Framleis er eg i lett sjokk over den halsbrekkande lokale folkedansen. Framleis ringlar det lett i øyrene etter ein overdose tradisjonell folkemusikk.

## Berrføtt mot mål

Men no er det altså løpet som gjeld. Fokus, fokus, fokus. Tre kilometer før mål, i ein uendeleg lang motbakke, høyrer eg sirener. Er det meg dei kjem for å henta? Ser det så gale ut? Så kjem Haile trippande elegant forbi, med to motorsyklar framom seg, to bak og ein kameratløpar klint til kvar skulder. Han har starta med hovudfeltet. Dette er hans augneblink. Hans siste farvel til konkurranseidrett. Til ære for Abebe Bikile, legenda frå Roma-OL i 1960, spring han den siste delen av løpet berrføtt.

Inspirert av Haile et eg opp britens forsprang i ein jafs. Og sjølv om sveittedropane nesten blindar meg, ser eg snart målseglet der framme. Med ein liten spurt viser klokka mi 39.58 over mål. At den offisielle tida etter kvart blir over minuttet seinare, bryr eg meg lite om. Vel inne i det avstengte VIP-området kosar eg meg med søtsaker og smugkikar på dei smellvakre Dibaba-systrene. Lenge nyt eg synet av jublande deltakarar over mål. Der kjem også gjengen frå Knarvik ungdomsskule. Dei har lagt ei fantastisk mil bak seg og er høgt oppe.

Vinnaren av herreklassen, Tamirat Tola, fekk 28.44. Kvinneklassen vart vunnen av Mamitu Deska på 32.16. Haile Gebreselassie, som vann det første løpet for 15 år sidan, spring lett inn på 32 minutt. I mål ventar den japanske fotografen Jiro Mochizuki som har følgt Haile alle desse åra. Japanaren tek det siste biletet av han med startnummer på brystet.

→

# Pressekonferanse med historisk sus

Når ein har hatt langdistanseløp som livsstil og nære på altoppslukande interesse i 30 år, er det unekteleg ei spesiell stemning å sitja i salen under pressekonferansen før Haile Gebrselassie for aller siste gong spring med startnummer.



**Midtpunkt:** Haile Gebrselassie er det naturleg midtpunktet både på pressekonferanse og elles.

Det er ni år sidan den smilande løparkongen sprang sitt siste baneløp. Sidan har han sett to verdsrekordar på maraton. No er han snart 43 år. Velkomen til «The Great Farwell Run».

Den store salen i Hilton-hotellet er smekkfull av pressefolk, arrangørar, notabilitetar og samarbeidspartnarar, deriblant åtte frå bergenskanten med stilige blå jakker påtrykt «Knarvikmila Norway» på ryggen.

## Nervedrama

Arrangørane har opplevd eit nervedrama dei siste dagane. Politiet nektar plent å la løypa gå i den vanlege traseen med start og mål på den store paradeplassen Meskel Square i hjartet av Addis Abeba. Løpets store beskyttar, Haile Gebrselassie, må setja all sin prestisje inn i saka og går til slutt heilt til topps, til presidenten, for å få godkjenning. Eit løp med 40 000 deltakarar, midt i ein trafikalt sett relativt kaotisk by med over 4 millionar innbyggjarar, og løypa er ikkje klar før to dagar før startskotet smell. Heftige saker!

Richard Nerurkar, tidlegare løpsdirektør i Great Ethiopian Run, har samla eit lite knippe til samtale om Haile si eventyrlege løpskarriere.

– I 1973 vart Haile fødd som den niande i ein syskenflokk på ti. 19 år seinare vann han både 5000 og 10 000 m i junior-VM. Han endar si internasjonale karriere 23 år seinare i 2015. To OL-medaljar, 8 VM-titlar, 9 triumfar i store bymaraton og totalt 27 verdsrekordar.

– For most of the people you are the greatest distance runner ever, slår Richard fast.

## Jos Hermes

Ein person har følgt tett på Haile alle desse 23 åra. Den nederlandske manageren Jos Hermes, med 150 løparar i stallen. Ein mann med stor makt og innflytelse i internasjonal friidrett. No sit han trygg og smiler til Haile.

– Haile will run for ever, er det første nederlendaren seier. Han er slett ikkje overtydd om at dette blir hans siste løp, og minner om at veteranrekordane står i fare viss Haile bestemmer seg for det.

Jos Hermes trekkjer fram den første verdsrekorden på 5000 m i Hengelo i 1994, som eit heilt spesielt minne. OL-gullet i Sydney like så.

– Ingen visste om det, men Haile var skada. Det viste «strong mind», seier Hermes.

Jos Hermes la med ein gong merke til den spesielle løpsstilen hans.

– Men han hadde også eit fantastisk, naturleg smil. Dette smilet har vore varemerket hans over heile verda. Han var ein slik person som ønskte å oppdaga verda. Ein ambassadør.

## Langsiktig

Haile fortel av manageren tok ei farsrolle dei første åra. Hermes forstod kulturen. Forstod mennesket Haile. Og han tenkte langsiktig. Mykje lenger fram i tid enn ungguten med det lette, elegante steget. Jos Hermes snakka alltid om ti år fram i tid.

– Og etter ti år, sa han nye ti år. «What!», sa eg då, ler Haile, som i løpet av den 24 år lange karrieren måtte gjennom to alvorlege akillesoperasjonar.

Jos Hermes har arbeidd med over 1000 løparar. Til saman har dei sett over 70 verdsrekordar. Han seier eit mål for alle utøvarane er at dei skal ha lange karrierar.

– But it`s always a little blood.

# Drøymer om Dibaba-systrene

Gjennom samarbeidsprosjektet med Great Ethiopian Run har Knarvikmila hatt fleire etiopiske løparar på besøk, m.a. Haile Gebrselassie og Million Wolde. Draumen er å få ei eller fleire av Dibaba-systrene til start.

– Dette er sjette året folk frå Knarvikmila og Knarvik ungdomsskule er i Addis ei veke i samband med Great Ethiopian Run. Tett på halvanna million kroner er donert til ulike gode formål, fortel prosjektleiar Bjørn Arne Mo.

Sanitæranlegg for blinde og eldre, utdanning for jenter, utstyr til barneheimar, betra levekår for funksjonshemma og autistiske born, er noko av det midlane har gått til.

Knarvikmila legg opp til etiopiske gjenvisittar annankvart år. Bjørn Arne Mo vil ikkje avsløra kven som kjem til Knarvik i 2016, men røper lattermildt at Dibaba-systrene står høgt på hans personlege ønskjeliste. Og kjem det ei storkanon eller to, er det aktuelt å sy saman eit opplegg for næringsliv og friidrett.

– Det er ikkje tvil om at norske utøvarar har noko å lære av etiopiske topploparar, av treningsmetodar, men også mental innstilling til trening, konkurransar og livet generelt, seier Mo.

Kvart år blir det plukka ut to ungdomsskuleelevar frå Knarvik som får vera med på turen til Etiopia.

– Alle norske ungdomar har godt av ein slik tur til Afrika. Du må sjå det med eigne augo for å forstå, seier elevane Frida Kjellnes og Benjamin Bilsback.

– Ungdomane som er med blir rollemodellar for andre. Dei spreier kunnskap og haldningar, slår Bjørn Arne Mo fast.



**Til Knarvik?** Prosjektleiar Bjørn Arne Mo i Knarvikmila har ein draum om å få Dibaba-søstrene til å springe Knarvikmila.




BULL SKI & KAJAKK AS

Godt nok for eliten. "Bænkers" for deg!

Igjen har Bull og Terje Fardal fått tilliten: Vi sliper for landslaget.

-På slip skal vi være best! Basta.



Våre kurs

Spesialist innen kurs, treninger og events for bedriftsmarkedet og privatpersoner.

www.bullaktiv.no

info@bullaktiv.no

BULL aktiv



Husk Kondis rabatten: -20% hele året

BULL

Sandvika: 67 55 52 60, Rådmann Halmrastv.9 — Man - fre: 10-18, Tor: 10-19, Lørdag: 10-16

Oslo: 23 20 44 20, Sørkedalsveien 7 — Man-Fre: 10-18, Tor: 10-19, Lør: 10-16

Fornebu: 918 81 702, Inng. M Telenorbygget, Snarøyv. 30 — Man-Fre: 08-16

Nettbutikk: www.bull-ski-kajakk.no — Døgnåpen:-)

BULL aktiv: Spesialist innen kurs, treninger og events for bedriftsmarkedet og privatpersoner. www.bullaktiv.no info@bullaktiv.no

SUPERSKI: Spesialistforretning for hardvare ski, med skiverksted og demosenter. Lokaler bak skiskytterblinkene i Holmenkollen. Man-Tor: 12-18/ Fredag: 12-17 www.superski.no 90 95 90 89/ 92 04 09 27